

Fleirbrukshallen – Solevåg skule

Bruk av brikke og kode for å opne / låse dører.

Ny funksjon er no lagt inn. Gjeld ytter- og innerdører med kode-funksjon.

I startfasen har dører blitt låst etter at ein har opna dører og gått inn. Dette er no endra på og fungerer no meir brukarvenleg. Du som har vore med i oppstartfasen kjenner til dei problema som har vore.

Dør går ikkje lenger i lås - etter at du har låst opp. Dør blir verande open til ein låser den att.

Slik fungerer det no:

Situasjonen er: Du møter låst dør

Brikke + kode: du låser opp og døra er i open posisjon. Døra lukker seg, men opnar seg når neste person kjem til døra og skal inn.


Brikke + kode (ein gong til): du låser døra. Dette kan vere aktuelt å gjere etter at alle som skal vere med på trening/korps er komne inn. Når treningstid / øving er over må du bruke brikke + kode for å låse etter deg.

Det kan vere aktuelt å utvide denne rettleiinga. Send kommentarar til gunnar.maroy@sula.kommune.no for ønske om presiseringar av denne rettleiinga.

Heimesida til Solevåg skule:

<http://sula.pedit.no/web/PageND.aspx?id=99034>

Dette infoskrivet ligg på heimesida i mappa «Info – lenker og dokument»



18. sept. 2012

Gunnar Marøy